

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Anne-Jorunn Bjørkum Leigvold
Arkivsaksnr.: 18/38 - 17

Arkiv: A10

Planlagt behandling:

Hovudutval for barn og unge
Kommunestyret

BARNEHAGEBRUKSPLAN 2018 - 2025

Bakgrunn for saka

Rådmannen kjem tilbake med ny sak om barnehagebruksplan 2018-2025 etter at saka blei sendt tilbake i hovudutval barn og unge 25.10.18.

Planlegging av barnehagestruktur skal sikre tilstrekkeleg tal barnehageplassar på kort og lang sikt. I denne barnehagebruksplanen kjem desse momenta fram:

- Utfordringar
- Løysingar no, innafør gjeldande barnehagar, for å tilpassa eit lågare barnetal.
- Planlegga for framtida med eit auka behov for barnehageplassar.
- Kriteria for utbygging og utvikling
- Kapasitet og behov

Klepp kommune byggjar sine analysar på befolkningsutvikling, fødselar og analysar av bustads utvikling. Desse er fordelt på bustad og målt opp mot barnehagane sin moglege kapasitet.

Utfordringar

Barnetalet i kommunen har gått ned dei siste fire åra. Det er no ca.120 færre barn i barnehagane i Klepp enn for fire år sida. Dette er justert med mindre barnegrupper, redusert bruk av grendehus og stengte avdelingar i enkelte barnehagar. Prognosar er tydelege på at behovet vil stiga frå 2019 og det vil være behov for fleire barnehagar enn dagens nivå frå 2025.

Fødselstala for 2018 er dei lågaste på ti år og det er 19 færre fødde pr. 1.november no enn i fjor. Del av 1 åringar i barnehage har dei siste åra blir ca. 70%, noko som inneber 14 færre søknadar neste år. Når det i tillegg er ledige plassar no, vert dette til saman to færre avdelingar. Dette blir det tatt høgde for før neste års opptak.

Det er ventelister i dei store sentra. Klepp har no for få barnehageplassar der folk bur og nokre få plassar ledige andre stadar.

Kommunale barnehagar

Kommunen eig fire små barnehagar frå 1,5 avdeling til 2,5 avdelingar. I tillegg eig kommunen tre barnehagar med 3-4 avdelingar og sju større barnehagar med 5-7 avdelingar. Dei større barnehagar gjer eit større fagmiljø, er mindre sårbare ved sjukefråvær og er meir økonomisk lønnsame i drift. Ved endingar i behov kan større barnehagar lettare tilpassa seg. Små barnehagar er meir sårbare og vil på eit nivå måtte ha ei høgare bemanning for å halda ei forsvarleg bemanning.

Konsekvensen av det er ein høgare kostnad pr. barnehageplass i kommunen sine egne barnehagar som igjen fører til høgare tilskot til dei private barnehagane. Det er difor også ei økonomisk side av denne saka.

Klepp kommune har ein barnehage i leigde lokale. Dei andre barnehagane eig kommunen både lokal og tomta.

Løysing no

Klepp kommune må planlegga barnehagar og barnehageplassar som dekker behova, både på kort sikt og korleis Klepp skal planlegga større einingar på lengre sikt.

Rådmannen foreslår derfor at det blir laga ein plan for samdrift av små barnehagar i ledige skulelokale inntil ein ny stor barnehage kan erstatta desse. Ut frå behov og økonomiske omsyn er det ikkje behov for denne barnehagen før truleg i 2025.

Bore barnehage er i leigde lokal og vert foreslått lagt ned og flytta til ledige lokale i saman med Vasshus barnehage frå august 2020. Dersom ikkje alle barna vert med til Vasshus, vil det vera ledig kapasitet i Kleppe og ved Borsheim. Forslaget om dette har vore på høyring, og høyringssvara er lagt ved saka.

Steingarden barnehage vert lagt ned og overført til Horpestad barnehage når skulen flyttar ut i 2022.

Dersom ikkje alle barna blir med over til Horpestad, vil det vera ledig kapasitet i Kleppe til å handtera desse plassane. Lokala på Horpestad er 10 år gamle og kan flyttast inn i utan rehabilitering.

Då vil dei fire små barnehagane vera slått saman til to mellomstore barnehagar.

Planlegga for framtida

Etter barnehagelova § 8, 2.avsnitt: *har kommunen plikt til å tilby plass i barnehage til barn som bur i kommunen. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpassast lokale forhold og behov.*

Klepp kommune må planlegga større barnehagar som er der folk bur.

Ved utbygging av nye bustadfelt vert det sett av tomt til barnehage. Klepp kommune har dei siste åra bygd barnehagar med 6-7 avdelingar. Fleire nabokommunar har bygd større barnehagar og erfaringar tydar på at 8-10 avdelingar er ei høveleg storleik for framtida. Det bør likevel ikkje låsast, då dette er avhengig av behov og moglege tomter.

Kapasitet og behov

Det ligg til grunn at Engelsvoll har underkapasitet på ca. 30 barn. Det er truleg er løyst i Orstad-området.

Truleg vil ny barnehage på Anda løysa det auka behovet som kjem ved utbygging på Anda og Orstad. Det må derfor sjåast særskilt på ved regulering av område.

Tu/ Tjøtta har mykje ledig kapasitet og vil truleg ikkje ha noko auka behov i denne perioden.

Verdalen/Bore har i dag underkapasitet, og det er behov for ein barnehage på Sporafjell i Verdalen. Løysinga med å flytta Bore til Vasshus er mellombels. Vasshus har ledige lokale når skulen flyttar ut og avlastar Bore krins i dag.

Vasshus gardsbarnehage har fire avdelingar og er den einaste gardsbarnehage og barnehage med særskilt formål i Klepp. Dei har barn frå heile Klepp i barnehagen.

Myrsnibå barnehage bør vurderast i samband med rulleringa i 2021.

Det er noko ledig kapasitet i Kleppe.

Orre har ikkje ledige plassar.

Økonomi

Eigedomsavdelinga har rekna på å bygga om Vasshus skule til å romme barn frå Bore barnehage. Det er plass til 35 barn totalt, men dei tilsette sine arbeidsrom må oppjusterast noko i samsvar med krav. Uteområde på ca. 100 m² vert omarbeidd.

Dersom heile Vasshus skule skulle nyttast til barnehage, vil det vera andre krav som gjeld (Ved ombygging av meir enn 50 % av bygget). Då vil kravet verte TEK 17, som betyr krav til energiøkonomisering, ventilasjon og liknande. Det vil etter avdeling eigedom si vurdering ikkje vere økonomisk tilrådeleg framfor å byggja ein heilt ny barnehage. Den totale kostnaden for omgjering av delar av skulen til barnehage vert 1,2 millionar.

Leigeforholdet til Bore bedehus har vore kr 350 000 årleg, som innebar nedbetaling av lån for renovere i tillegg til husleige. Frå 2018 er husleiga kr 170 000 + straum og avgifter. Til saman blir dette 230 000 kroner årleg. For perioden 2019-2025 utgjer det kr 1.020 i husleige og kr 300 000,- i straum og avgift.

Vasshus barnehage har allereie avgiftene i sitt budsjett, og bemanninga vil kunne utnyttast betre ved at eininga vert større. Det vert difor samla sett ei rimelegare løysing økonomisk sett.

Høyrings svar

Det har kome inn 12 svar på høyringa:

SU i Vasshus skule og barnehage er positive til at ledige lokal på Vasshus vert planlagt nytta til større barnehage. Dei er einige i fordelane ved å slå saman små barnehagar til større. Dei er opptekne av at det må vera gode prosessar ved ei slik løysing. Vasshus barnehage har vore omtala i fleire planar og det er skapar uro når det ikkje vert avklaringar. Dei framhev det unike uteområde og gymsal som ein særleg kvalitet på Vasshus.

SU i Bore barnehage ønsker ikkje å flytta «midlertidig» til Vasshus, men vil behalda barnehagen slik den er fram til Sporafjell barnehage står klar. Dei påpeikar utfordringar kring avstand og at kostnadene ved oppbygging av Vasshus skule vil verte større enn å fortsette å leige og å oppgradere Bore barnehage i same periode. Kostnadene må kome betre fram og dei ønsker at Sporafjell barnehage vert bygd ferdig før 2025.

SU i Steingarden/Horpestad meiner det er utfordringar kring flytting av Steingarden barnehage til Horpestad. Dei fleste barna som går i Steingarden barnehage, er busett i Kleppe sentrum og avstanden til Horpestad er ca. 3,5 km, og det går ikkje buss. Lokala på Horpestad er gode, men SU er noko bekymra for framtida til Horpestad.

SU i Tu barnehage ønskjer å vite meir om kva som ligg i formuleringa «Modulane på Tu må oppgraderast og skal vera i bruk til Tu barnehage vert bygd ut». Dei meiner vidare at det er meir økonomisk tenleg å bruka pengane på nybygg i staden for oppgradering. Dei meiner også at dei kan auka kapasiteten og har god kollektivløysing.

SU i Storhaug barnehage meiner at når Steingarden vert lagt ned, kan desse barna flyttast til Storhaug i staden for til Horpestad. Storhaug er sentrumsbarnehage og ligg 1,5 km frå sentrum.

SU i Kleppe friluftsbarnhage støttar forslag om å flytta Bore til Vasshus og å få Sporafjell inn i planen att. Dei støttar ikkje forslag om å flytte Steingarden til Horpestad. Dei begrunnar dette med at Horpestad er usentralt og utan kollektivtransport.

SU i Espira Ormadalen barnehage støttar forslaget om større einingar. Dei uttrykk noko uro ved flytting av barnehagar ut av sentrum, sjølv om det er mindre einingar. Dei meiner vidare

at barnehagane må leggast der folk bur. Barnehagen har god kapasitet og kan ta inn fleire barn.

Driftsstyret i Sørhellet barnehage støttar forslaget om å byggja Sporafjell barnehage og meiner at denne må framskundast til 2022. Ved å flytta Bore til Vasshus, vert det ein lengre veg. Det kan vere naudsynt som ein mellombels løysing til Sporafjell står ferdig. Når det gjeld Horpestad og Steingarden barnehage synes dei det er lite formålstenleg å flytta barnehagar frå sentrum til utkanten.

Trygge barnehagar v/ Kleppestemmen FUS barnehage ønsker at det skal koma fram av vurderingane i punkt 5 at Kleppestemmen FUS barnehage har planar om utviding når behovet for auka barnehageplassar i Kleppe sentrumsområde blir en realitet.

Kommentar

Barnehagebruksplanen skal rullerast i 2021 og ei ny vurdering av behov i Kleppe sentrum blir då vurdert. Dei private barnehagane i Kleppe er del av Klepp kommune sin barnehagebruksplan og Kleppestemmen FUS barnehage sine planar om utbygging vert lagt inn i plana.

Fagforeiningane

Fagforbundet meiner at åtte avdelingar bør vera maks størrelse og nedre grense bør vera fem avdelingar. Sporafjell bør byggjast som åtte avdelingar. Dei støttar forslaget om å midlertidig flytte Bore barnehage til Vasshus inntil Sporafjell barnehage er klar. Vidare foreslår dei at Borsheim barnehage overtar Eirik Raude senter.

Forslag om å flytte Steingarden til Horpestad vert støtta, men dei ønsker det som ei midlertidig løysing til Sporafjell barnehage er ferdig.

Utdanningsforbundet ønsker at den nedre grensa på barnehagar skal vera 5 avdelingar og at den øvre grensa vert 8 avdelingar. Utdanningsforbundet meiner at flytting av barnehagar ut av sentrum vil strida mot prinsippet om «barnehageplassar i nærmiljøet». Dei meiner likevel at Bore, Vasshus, Steingarden og Horpestad i fleire år har vore i ei usikker framtid og at det er naudsynt å ta ei avgjerd for ei meir forutsigbar framtid.

Delta er positive til at små einingar vert større. Dei meiner likevel at Bore barnehage framleis bør vere i nærmiljøet og ikkje flyttast til Vasshus. Sporafjell barnehage bør byggast snarast råd.

Rådmannen si vurdering

Foreldra gjer uttrykk for at dei ønsker barnehageplass i nærleiken av der dei bur, og dette kjem også fram i høyringssvara frå samarbeidsutvala i barnehagane. Fleire barnehagar ligg utanom tettstadar, og det er nødvendig å køyre til barnehagen. Avstandane er likevel korte. Klepp kommune eig mange små barnehagar, og det er ønskeleg med større einingar. Dei fleste høyringssvara støttar også denne vurderinga. Det er nødvendig å gjere nokre tiltak for å tilpassa dagens barnehagar til eit endra behov.

Behov for barnehagar i Klepp i perioden 2018-2025

Kapasiteten på barnehageplassar er samla sett god, men analysar tydar på at det er nødvendig å redusera talet på plassar frå august 2019.

Det er ledige barnehageplassar i nokre område, medan det i andre område er ventelister. Fødselstala pr. 1.11.2018 viser at det er 19 færre fødselar enn i fjor. Når det i tillegg er ledige plassar i nokre barnehagar, er det samla sett behov for færre barnehageplassar frå august 2019.

Dette kan løysast på ulike måtar:

Ved førre behandling foreslo rådmannen at Bore barnehage skulle avslutta leigeforholdet i Bore bedehus og flytte til Vasshus barnehage. Fleire foreldre vil truleg velgje andre barnehagar i Klepp, noko som kan bety at det ikkje trengs byggast om meir enn nødvendig i lokala til Vasshus skule.

Rådmannen har hatt dialog med eigar av Bore bedehus og leiga kan halda fram nokre år til. Bore barnehage kan løysast ved:
Bore barnehage vert lagt ned 14.8.2020 og tilbod om barnehageplass blir på Vasshus barnehage.
Bore barnehage held fram med leigeforholdet inntil ny barnehage på Sporafjell er klar.

Konsekvensar

Alternativ 1 vil bety at alle barn som går i Bore barnehage 14.8.2020 vil få tilbod om barnehageplass i Vasshus eller eventuelt i ein annan barnehage. Foreldra og dei tilsette vil få betre tid til omstillinga enn om endringa kjem allereie sommaren 2019.

Alternativ 2 inneberer at det blir meir forutsigbart for alle tilsette og foreldre som har barn i Bore barnehage.

Dersom Bore barnehage ikkje vert lagt ned, er det ingen andre alternative nedleggingar av barnehagar som har vore på høyring. Dersom ein ønskjer andre nedleggingar må denne sendast på høyring.

Det reduserte barnetalet må då løysast ved å leggja ned avdelingar der det i dag er ledig kapasitet.

Nye normer for bemanning og pedagogdekning gjer at heile avdelingar må leggjast ned, dersom ikkje kostnadene pr. barnehageplass skal gå opp.

Moglege endringar og konsekvensar

Ved å stenga ei avdeling i eit par barnehagar, vil det bli mindre mogleg å søkja plass i denne barnehagen. Plassane må då takast i det område det i dag er ledige plassar.

Etter rådmannen si vurdering er det avgjerande at moglege plassar og kvar dei ligg, vert avklara i god tid før søknad om barnehageplass frå hausten 2019. Søknadsfristen er sett til 1.mars.

Vedlegg:

- Barnehagebruksplan 2018 - 2015

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til hovudutval for barn og unge og kommunestyret med slik tilråding:

1. Barnehagebruksplanen for 2018-2025 vert godkjent.
2. Bore barnehage vert lagt ned og blir flytta til Vasshus barnehage med oppstart august 2020. Delar av Vasshus skule blir sett i stand til barnehagedrift og midlar blir sette av i budsjett 2020 til føremålet. Leigeforholdet i Bore bedehus vert utvida med eit år til august 2020.
3. Vurdering av ny barnehage på Sporafjell blir gjort i samband med rullering av barnehagebruksplanen i 2021.
4. Steingarden barnehage vert nedlagd og blir overført til Horpestad barnehage frå 2022.
5. Ny rullering av barnehagebruksplanen skjer i 2021.

Rådmannen i Klepp 13.11.2018

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.